

Sundag
13. desember 2020
kl. 17.00 og kl. 19.00

Jule- konsert

- * GLIMRAH * Maria Malmsten
- * Uskedal skulemusikk - blåsegruppe
- * Kvartetten ÆRE * Eva Megyesi
- * Aslaug Hellesøy * Rustne Menn



Soknerådet inviterer til to julekonsertar på sundag.

Det som før har vore ein julekonsert med kor, korps og andre grupper, vert i år gjennomført som to konsertar, men i eit mindre format. Koronasituasjonen gjer at soknerådet som arrangør må halda seg til reglementet for smittevern i kyrkja med maks frammøtetotal på 50 personar på kvar av konsertane. Det vert såleis lagt opp til vel ein times konsert med mindre grupper og soloinnslag. Nokre innslag går igjen på begge konsertane, deler av programmet går anten kl. 17 eller kl. 19.



GLIMRAH syng julesongar frå fleire land.

Felles for begge konsertane er:

- Adventstankar v/ Aslaug Hellesøy
- Lystenning - 3. søndag i advent
- Kwartetten ÆRE
- Kantor Eva Megyesi

Berre kl. 17.00:

- GLIMRAH
- Maria Malmsten - solo
- Blåsegruppe frå Uskedal skulemusikk

Berre kl. 19.00:

- Rustne Menn

GLIMRAH syng mellom anna songar frå Italia, England, Sverige og Noreg. Av desse finn vi desse titlane: Quel Fronte Signorille , Nowel syng we og Coventry Carol. Maria Malmsten framfører to songar solo.



[Kvartetten ÆRE: F.v: Eva Megyesi, Svein Rimestad, Kristian Bringedal og Aslaug Hellesøy.](#)

Kvartetten ÆRE syng tradisjonelle julesongar, men også Det strøymer ei livselv av lukka (Tekst: Trygve Bjerkheim), Det finnes en dyrebar rose (Tekst: S. Ellingsen. T: E. Hovland), salmen Å, skjønneste rose på vår jord og julesalmen I kong Davids by.

Rustne Menn framfører tre nummer: I en natt med tekst og melodi av Bjørn Edsvåg, Mary`s Boy Child og Kongens skilling med tekst og melodi av Ian Sinclair, norsk omsetjing av Svein Rimestad.

Uskedal skulemusikk tek del med ei blåsegruppe. Kantoren har innslag med song og orgelspel. Aslaug Hellesøy deler adventstankar med oss.

Det er ikkje påmelding. Soknerådet reknar med ei jevn fordeling på konsertane og at ein held seg til eit frammøtetotal på maks 50 på kvar av dei.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Tor Edvard Taranger/Jan Ove Fagerheim/ Ronny Pedersen



Det er fyrste gongen Rustne Menn deltek på ein julekonsert.